Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Vår dato *Vår referanse*

Arkiv nr. *Dykkar referanse*

Inspeksjonsrapport

Inspeksjonsrapport nummer: **Saksnummer:** 07/1479

Rapp.nr. 07.039.1.HVHR

Informasjon om verksemda

Namn og besøksadresse: Mjøbrokeilet A/S	Org.nr.: 976 934 122
Namn og adresse byggeigar:	Telefon:
Namn på eventuell hovudentreprenør:	E-post:
Kommune/kommunenr.: Sykkylven	Bransjenr. (NACE-kode):

Til stades under kontrollen

Frå verksemda: **(namn og tilsett kvar)**. Grete Berge	Frå Fylkesmannen Reidun Sem Kallestad
Kontrollomfang: Produktforskrifta § 3-1 og avfallsforskrifta kap. 11	Inspeksjonsdato: 1.6.07

Innhald i rapporten

Rapporten omtalar avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen. Følgjande hovudtema vart kontrollerte:

- *Kartlegging/utskifting av PCB-haldige kondensatorar i lysarmaturar (ev heile lysarmaturar)*
- *Handtering av kasserte PCB-haldige produkt (isolerglasruter / kondensatorar / armaturar)*
- *Merkjeplikta for PCB-haldige isolerglasruter*

Resultat av kontrollen

- ☐ Verksemda har ikkje bygg frå eller bygg som er rehabiliterte i perioden 1960 - 1980
- ☐ Ingen avvik
- ☒ Kontrollen avdekte 1 avvik frå regelverket
- ☐ Det er gjeve _____ merknader

Oppfølging etter kontrollen

☐ Det krevst inga tilbakemelding til Fylkesmannen

☒ Fylkesmannen pålegg verksemda å gje ei skriftleg tilbakemelding for å få stadfest at tilhøva blir retta opp, og som gjer greie for gjennomføring av tiltak når det gjeld avvik. Vi ber også verksemda gjere greie for sine vurderingar og eventuelle utbetringar når det gjeld merknader som er gjevne.

Frist for skriftleg tilbakemelding: 1/7-07

Pålegg om skriftleg tilbakemelding er gjeve med heimel i forureiningslova § 49 og/eller produktkontrollova § 5 (stryk det som ikkje er aktuelt). Vedtaket kan påklagast innen tre dagar etter at pålegget er motteke, jf forvaltningslova § 14. Eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast til Fylkesmannen. Dersom Fylkesmannen ikkje har motteke den pålagde skriftlege tilbakemeldinga innan fastsett frist, kan det bli aktuelt å fatte vedtak om tvangsmulkt. Eit eventuelt vedtak om tvangsmulkt vil bli førehandsvarsla.

1/6-07 Sykkylven Reidun Sem Kallestad

Stad: Dato: Fylkesmannen i Møre og Romsdal
(etter fullmakt)

Vedlegg til inspeksjonsrapport ved _____

Definisjonar og informasjon

Avvik: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova, forskrifter heimla i desse lovene, eller krav og vilkår fastsett i dispensasjonar).

Merknader: eit tilhøve som miljøvernstyresmaktene finn nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og sikkerheit, og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Handsaming av PCB-haldige produkt og PCB-haldig avfall
PCB – polyklorerte bifenyl – er ei av dei farlegaste miljøgiftene vi kjenner. Særleg barn er utsette for skade. PCB vart forbode å bruke i Noreg i 1979. Likevel finst det PCB i ei rekkje ulike lovlege produkt og bygningsdelar som enno er i bruk. Dei viktigaste produkta med PCB i dag er:

- kondensatorar i lysarmaturar
- bygningsartiklar som isolerglasruter, fugemasse, mørtel, avrettingsmasse, måling og liknande
- transformatorar og straumgjennomføringar.

Miljøvernstyresmaktene har laga ein handlingsplan for å redusere nye tilførsler av PCB. Planen omfattar både utfasing og opprydding av PCB i produkt, avfall, forureina grunn og sediment. Meir informasjon om regelverk og hjelpemiddel finst på www.sft.no og www.regelhjelp.no. Ein gjer særleg merksam på rettleiaren "Identifisering av PCB i norske bygg".

Kontrollaksjon PCB 2007 skal bidra til å hindre at kasserte PCB-produkt kjem på avvegar, og sikre at PCB-kondensatorar i lysarmaturar blir fasa ut i tråd med regelverket. Vidare skal det informerast om merkjekravet som gjeld for PCB-haldige isolerglasruter.

Produktforskrifta set i § 3-1 krav til produkt som inneheld PCB. Det er forbode å importere, eksportere, omsetje, ta i bruk og gjenbruke faste bearbeidde produkt med PCB. Det er også forbode å bruke utvalde produkt; kondensatorar i innandørs lysrørarmaturar produserte i perioden 1965–1979 og innandørs og utandørs damplampearmaturar produserte i tida 1960–1979. Utfasing kan utsetjast fram til 01.01.08 (01.07.08 for utandørs lysrørarmatur) dersom den ansvarlege kan dokumentere at følgjande er oppfylt: Det skal vere kartlagt utfasingspliktige kondensatorar, utarbeidd tidfest utfasingsplan og ein avfallsplan, og det skal vere dokumentert budsjettdekning/økonomisk garanti for gjennomføring.

Det kan vere PCB i forseglingslimet rundt glaset i norske isolerglasruter frå perioden 1965-1975, og i importerte ruter fram til 1980. PCB-haldige isolerglasruter som er i bruk er lovlege, men SKAL vere merkte, sjå www.ruteretur.no. Det er forbode å gjenbruke eller omsetje PCB-haldige isolerglasruter som er skifte ut. Slike ruter må handterast som farleg avfall.

PCB er farleg avfall
Dersom eit bygg skal pussast opp eller rivast må ein forsikre seg om at avfall med PCB blir teke forsvarleg hand om. Det må kome fram av merking eller på anna vis at avfallet inneheld PCB. PCB-haldig avfall som som har meir enn 50 mg PCB eller meir pr kg, skal handsamast som farleg avfall og må leverast til godkjent avfallsmottak. Avfallsmottaket syter for vidare handtering fram til sluttbehandling på ein forsvarleg måte, jf. avfallsforskrifta kapittel 11.

Vedlegg til inspeksjonsrapport ved _____

Avvik

Det vart funne følgjande avvik etter kontrollen frå Fylkesmannen:

Avvik type 1: **Verksemda overheld ikkje reglane for utfasing av PCB-haldige kondensatorar i lysarmatur**

Avvik frå: *Forskrift om begrensning i bruk av helse- og miljøfarlige kjemikalier og andre produkter* (produktforskrifta) § 3-1

Grunnlag for avviket er kryssa av nedanfor:

☐ a) Verksemda har ikkje kartlagt utfasingspliktige PCB- kondensatorar i lysarmaturar

☐ b) Verksemda har ikkje utarbeidd tidsfest utfasingsplan

☐ c) Verksemda kan ikkje dokumentere budsjettdekning eller økonomisk garanti for å gjennomføre planen

☐ d) Verksemda har ikkje avfallsplan for utfasinga

☐ e) Anna (oppgje kva):

Kommentarar: _____

Vedlegg til inspeksjonsrapport ved _____

Avvik type 2: **Verksemda handterer ikkje kasserte PCB- haldige produkt/materiale på ein forskriftsmessig måte**

Avvik frå: *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta), kap. 11 om farleg avfall.

Grunnlag for avviket er kryssa av nedanfor:

☐ a) Kasserte PCB-haldige kondensatorer frå/i lysarmatur blir ikkje handterte forsvarleg

☐ b) Kasserte PCB-haldige isolerglasruter blir ikkje handterte forsvarleg

☐ c) Verksemda leverer ikkje PCB-haldige isolerglasruter til godkjent mottak

☐ d) Deklarasjonsskjema er ikkje teke i bruk utfylt eller korrekt utfylt

☐ e) Anna (oppgje kva):

Kommentarar:

Vedlegg til inspeksjonsrapport ved _____

Avvik type 3: **PCB- haldige isolerglasruter er ikkje merkte**

Avvik frå: *Forskrift om begrensning i bruk av helse- og miljøfarlige kjemikalier og andre produkter* (produktforskrifta), § 3-1 andre ledd

Under kontrollen vart det konstatert følgjande:

☐ a) Verksemda kjenner ikkje til merkjeplikta

☐ b) Det er ikkje undersøkt om bygga frå perioden 1960 – 1980 har PCB- haldige isolerglasruter

☐ c) Dei PCB-haldige isolerglasrutene er ikkje merkte

Kommentarar:

Alle PCB- haldige isolerglasruter montert i bygg eller anlegg skal vere merkte med eit gult merke med svart tekst. Føremålet er å sikre at isolerglasrutene blir leverte som PCB-haldig farleg avfall når dei vert kasserte. Eigar av bygga er ansvarleg for at rutene er merkte.

Vedlegg til inspeksjonsrapport ved _____

Avvik type 4: **Avfallsmottaket handterer ikkje PCB-haldige produkt på ein forskriftsmessig måte**

Avvik frå: *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta), kap. 11 om farleg avfall, og vedlegg 1 og 2 eller eventuelt løyve

Grunnlag for avviket er kryssa av nedanfor:

☐ a) Verksemda handterer (inkl. merking og lagring) ikkje motteke PCB-haldig avfall (isolerglasruter/kondensatorar o.a) tilfredsstillande

☐ b) Verksemda vidareleverer ikkje PCB-haldig avfall til godkjend sluttbehandlar

☐ c) Verksemda har ulovleg behandling av PCB-haldig avfall

☐ d) Anna (oppgje kva):

Kommentarar:

Vedlegg til inspeksjonsrapport ved _____

Avvik type 5: **Andre**

Grunnlag for avvika er avkryssa under

☐ **A) Verksemda har ikkje utarbeidd rutine som sikrar forsvarleg handtering av kasserte PCB-haldige produkt**

Avvik frå: *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter,* § 5, andre ledd, pkt. 1-8 (internkontrollforskrifta)

☒ B) Anna (oppgje kva) Farlig avfall / Internkontroll

Avvik frå:

Kommentarar:

Innsatte var usikre med hvilke kurs internbo innhold og plassering av internkontroll-systemet til virksomheten.

Det var usikkert hvor journalen til farlig avfall er.

Vanlig glassruter var plassert sammen med farlig avfall. Ingen av rutene var merket med PCB. Ingen av rutene var plassert i stativ eller på paller. Noen av rutene var brustet på grunn av uforsvarlig handtering. PCB-ruter skal holdes adskilt og merkes med „PCB-lapp" (men er utlevert)

Vedlegg til inspeksjonsrapport ved _____

Merknad 1 Verksemda har ikkje undersøkt om bygg(a) inneheld produkt som er PCB-haldige

Kommentarar:

I bygg reist eller rehabilitert i perioden 1960-1980 kan PCB-haldige produkt som fugemasse, mørtel, avrettingsmasse, lim, måling og liknande vere brukt. Dersom slike bygg vert rivne eller rehabiliterte vil farleg avfall bli generert. Farleg avfall skal deklarerast og leverast til godkjent mottak.

Merknad 2: Anna (oppgje kva)

Kommentarar:

Andre kommentarar/utdjupingar: